



Rådmannen i Lindås kommune  
v/ Bente Kronhaug

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1957 - 14/21522

Saksbehandlar:  
Arne Johannes Riisnes  
Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:  
22.09.2014

## Konsekvensanalyse av kutt i budsjett med 5% for Ostereidet ungdomsskule

### 1. Omfang:

Brutto budsjett er: 13 500000.-  
5% er : 675000.-

Kva er denne summen: 1 lærarstilling ca 640000.- + litt til = ca 25 t/v

### 2. Konsekvensar:

Personale og tildelt ressursar: 1407 % fordelt på 17 personar herav 3 i vidareutdanning (ca. 100%)

|  |                        |
|--|------------------------|
| Elevane sitt minstetimetall må dekkast: 30,5 t/v x 6 = | ca. 183 t/v            |
| 100% lærarar:  | ca 23 t/v              |
| Sum lærarar m/ minstetimetall:                         | ca 8 stillingar i 100% |
| Spesialund: ca 68 t/v =                                | ca. 3 still 100%       |
| TPO/ delingstimar: ca 46t/v =                          | ca. 2 stillingar       |
| Andre oppgåver :                                       | ca. 2 stillingar       |
| Sum stillinga inkl. vidareutd.                         | ca. 15 stillingar      |

|  |                   |
|--|-------------------|
| Lovpålagd / avtalefesta:                       | ca. 10 stillingar |
| Stillingar heimla i sakkunnig vurdering (spes) | ca. 3 st          |
| Friare stillingar ( tpo/ delingstimar)         | ca. 2 st          |



### 3. Kvar skal timane / ressursen takast frå?

#### 3.1. Elevrelaterte konsekvensar

a) Skal timane takast frå valfag, eit motivasjonstiltak frå sentralt hald, kan skulen tilby 2 fag pr. klassesteg mot 4 i dag. Dette vil gi ei innsparing på 12 t/v. (4t x 3). Det spørst om dette er intensjonen med VAL- fag

b) Skal timane takast frå tilvalsfag, kan skulen tilby to tilvalsfag pr. klassesteg ei innsparing på 16 t/v. Elevane kan velje mellom arbeidslivsfag / engelsk / norsk og tysk. Arbeidslivsfaget vil bli utradert i den praktiske, relevante og motiverande forma det har fordi det er uforsvarleg å drive praktisk arbeid og føre tilsyn med så pass mange elevar (ca. 20).

c) Skal timane takast frå Spes.Ped., krev det at elevar med sakkunnig vurdering får opplæringa si i gruppe. Dette vert alt gjort med få unntak og fleire elevar enn før får opplæringa si i mindre grupper slik sakkunnig vurdering tilrår. Ytterlegare innsparingar vil redusere omfanget av opplæringa og forsterke behovet for tilpassa opplæring innan klassen. Elevane i denne kategorien er dei mest sårbare og dei mest hjelpetrengande - sjølv sagt - og vinsten av reduksjonen vil verte mindre dersom ein erstattar spes.undervisning med to-lærarsystem.

Det er ei hovudoppgåve for grunnskulen å gi alle elevar grunnleggjande kunnskapar, ferdigheiter og haldningar så dei kan bestå VGO. Skulen skal og bidra til sosial utjamning. Elevane sin sosiale bakgrunn vil bestemme mange av elevane sine val. Utjamning og kompenserte tiltak er ressurskrevjande. Forsking viser at elevane sin bakgrunn i Lindås er ulik. Ostereidet skil seg dessverre ut på statistikken.

Ostereidet ungdomsskule har i overveigande grad levert elevar til VGO med frå gode til utmerka resultat. Når mellom 20 og 30 % av elevane er diagnostisert med lære- eller lesevanskar, seier det seg sjølv at det kostar større innsats av folk å føre alle elevar fram så langt det er mogleg for dei. Det er i samfunnet og den einskilde si interesse og ei viktig langsiktig investering.

### 3.2. Generelle konsekvensar

- eit mindre kollegium skapar eit dårlegare fagleg tilbod med smalare kompetanse
- redusert lærartal gjer skulen meir sårbar fagleg sett
- motivasjonen for lærarar til å sjå det som ei viktig og vesentleg oppgåve å lære opp elevar her inne i fjorden vil bli redusert
- fleire lærarar må undervise i fag der dei ikkje har undervisningskompetanse
- alt utviklingsarbeid vil verte meir krevjande og utfordrande å drive
- rekrutteringa av lærarar vil verte tyngre
- redusert forutsigbarheit når det gjeld skulen sitt tilbod og evne til å ta hand om elevar som har spesielle behov

### 4. Konklusjon

Tildelinga til Ostereidet ungdomsskule vart redusert med 182% lærar og 86 % assistent i inneverande skuleår, ca. 1.519.000 kr - ein reduksjon på ca. 10%.

Dersom det er politisk ynskje og vilje at det skal kuttast 5 %, vil det sikkert vere mogleg å finne løysingar på det som rammar elevane så lite som mogleg. Det vil vere skulen her sin ambisjon.

Det går fram av ovanståande at handlingsrommet er avgrensa.

Små grupper i valfag og spes.undervisning tilgodeser elevar som treng det mest. At handlingsrommet stort sett ligg her, gjer også dei sårbare elevane utsette for nedskjæringane. Dei vi skulle skjerme, vert ofra. Det er dessverre realiteten.

Ostereidet, 220914

Med venleg helsing

Arne Riisnes, rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Rådmannen i Lindås kommune

v/ Bente Kronhaug